



Styre, utval, komite m.m	Møtedato	Saknr
Eidfjord formannskap	13.05.2019	19/066

Stadfesting av vedtak - oversending av sak til klagevurdering - gnr. 18, bnr. 143

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunen opprettheld sitt vedtak av 25.3.2019 og sender saka vidare til klagehandsaming hos Fylkesmannen i Vestland

13.05.2019 - Eidfjord formannskap

Endringsframlegg:

Gunnar Asting får innvilga søknad om dispensasjon for oppføring av tilbygg. Det vert stilt krav til at bygningen vert tilknytt Va-anlegg.

Røysting:

Endringsframlegget vart samrøystes vedteke.

FSK - 19/066 - Vedtak:

Gunnar Asting får innvilga søknad om dispensasjon for oppføring av tilbygg. Det vert stilt krav til at bygningen vert tilknytt Va-anlegg.

Saka gjeld:

Gunnar Asting har søkt om dispensasjon til å leggja VA-leidningar, og dessutan til å føra opp tilbygg til hytta på gnr. 18, bnr. 143. Fordi hytta ligg i 100-metersbeltet langs Bjoreio er tiltaka avhengig av dispensasjon.

Kommunen gav i formannskapsmøte 25.3.2019 dispensasjon til å leggja VA-leidningar, men gav ikkje dispensasjon for å føra opp tilbygg. Grunngevinga for å gje dispensasjon for VA-tiltaket var mellom anna at kommunen ser det som ein klar føremon at avlaupsvatn vert lagt i røyr og at eksisterande toalett- og gråvassløyising vert sanert.

Avslaget på søknad om dispensasjon for å føra opp tilbygget var basert på at kommunen ikkje kunne sjå at vilkåra for å kunna gje dispensasjon var oppfylde. Sjølv om kommunen ikkje kunne sjå at det låg føre nemneverdige ulemper ved tiltaket, var det heller ikkje særlege føremonar, utover at søkjar sjølv ønskjer betre plass.

Søkjær sine merknadar i klagen

Søkjær har klagt på avgjerda. Han skriv at han ser VA-traséen og tilbygget som eitt tiltak, der tilbygget heng tett saman med VA-tiltaket. Han skriv vidare at hytta, som er frå 50-talet treng ei oppgradering når det vert lagt inn vatn og kopla til avlaup, og at det då vil vera naudsynt med eit tilbygg for å få til dette.

Søkjær meiner at for å få rimeleg nytte av ei VA-tilkopling, vil det vera naudsynt med ei utviding av hytta. Tilbygget vil vera ein føresetnad for å kopla seg til kommunalt VA-anlegg.

Kommunen si vurdering av klagen

Kommunen ser VA-tiltaket og tilbygget som to separate tiltak. Desse tiltaka kan gjennomførast uavhengig av kvarande, og er i svært ulik grad synleg i terrenget. Kommunen har difor vurdert dei to tiltaka kvar for seg i dispensasjonsspørsmålet.

Me kan forstå at søkjær ønskjer betre plass, og at det må gjerast ombygging i hytta når det vert lagt inn vatn og kopla til avlaup. At søkjær meiner at dei to tiltaka er gjensidig avhengig av kvarandre, og at VA-tiltaket berre kan gjennomførast viss det vert gjeve dispensasjon for tilbygget, betyr likevel ikkje at kommunen av den grunn automatisk kan gje dispensasjon.

Kommunen ønskjer rett nok at bygg i Sysendalen vert tilkopla eit offentleg godkjend VA-anlegg, men at søkjær ikkje vil kopla hytta til offentleg VA-anlegg viss ikkje tilbygget vert godkjent, påverkar ikkje kommunen si avveging av føremonar og ulemper i dispensasjonsvurderinga av tilbygget i slik grad at me kan gå inn for dispensasjon for tilbygget.

Kommunen opprettheld vedtaket av 25.3.2019 og sender saka vidare til klagehandsaming hjå Fylkesmannen i Vestland.

Geir Underhaug
rådmann

Pettersen, Louise Christine
sakshandsamar

Rett utskrift: